

## TYSVÆR KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **28. mai 2013** blei det halde møte i Tysvær kontrollutval under leiing av møteleiar Randi I. Rettedal.

|                                 |  |
|---------------------------------|--|
| <b>MØTESTAD:</b>                | Tysvær rådhus, Kårstørommet  |
| <b>MØTESTART/-SLUTT:</b>        | kl. 18.00 – kl. 20.30  |
| <b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>       | Gunnar Egge (V), Randi Rettedal (Frp) og Tormod Førland (H)  |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEM:</b>      | Hanna Marit Molland (A), 1. vara og Ole Andreas Stakkestad (Sp), 4. vara   |
| <b>FORFALL:</b>                 | Jakob Alstveit (Sp) og Laila R. Nemeth (A)   |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b> | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgsssekretariat IKS   |
| <b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>    | Revisor/manager Trond Kampen, KPMG AS  |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>         | Personalsjef Kristin Helle og rådgjevar Marit Aasheim Jakobsen i sak 8/13 pkt. 6 og 7<br>Rådmann Arvid Vallestad, sak 8/13, pkt. 8<br>Økonomisjef Tor Leif Helgesen og leiar økonomi drift Leni Christensen i sak 9/13 |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING</b> | Det trykte rekneskapet blei etterlyst. Iflg. økon.sjef var det ikkje klart. Utvalet bad om at dei neste år får det tilsendt før møte i kontrollutvalet.  |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>  | Ingen  |

Sekretær er blitt merksam på at 2. varamedlem er kommunalt tilsett og ho har varsla ordførar om at det må gjerast nytt val. Randi I. Rettedal blei vald som møteleiar då leiar og nestleiar hadde forfall.

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

**SAK 7/13    GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 05.03.13 OG SÆR-  
UTSKRIFT I SAK 6/13**

#### *Sekretariatet si innstilling:*

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 05.03.13 og særutskrift i sak 6/13 blir godkjent slik dei ligg føre.

### **Handsaming i kontrollutvalet 28.05.13:**

Protokoll og særutskrift blei godkjent utan merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.13:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 05.03.13 og særutskrift i sak 6/13 blir godkjent slik dei ligg føre.*

### **SAK 8/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 28.05.13**

6. Arbeidet med å få ned langtidsfråværet v/personalsjefen
7. Sjukefråværsstatistikk 1. kvartal 2013 m/vedlegg
8. Barnehageutbygging i Skjoldastraumen v/rådmannen
9. Pressemelding frå KDR om rapport om interkommunalt samarbeid
10. Representantskapsmøte i IKA IKS 24.april
11. Representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 25. april
12. Representantskapsmøte i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS 7. mai
13. Representantskapsmøte i HIM IKS 15. mai.13
14. Generalforsamling i Haugaland Kraft AS 3. juni kl. 15.00
15. Generalforsamling i Haugalandspakken AS 11. juni kl. 15.00
16. Generalforsamling i Haugaland Bompengeselskap AS 11. juni kl. 15.30

### **Handsaming i kontrollutvalet 28.05.13**

Personalsjefen orienterte om fråværet og kommunen sine tiltak. Ho viste til handlingsplan og at samarbeidet med NAV og Haugaland HMS var svært bra. Ho poengterte fokus på leiarane og trivsel på arbeidsplass. Ho meinte det skulle vere mogeleg å jobbe meir systematisk og at var viktig ha fokus heile tida. Utvalet kom med spørsmål og dei blei samd i å komme med nokre kommentarar i vedtak.

Rådmannen gjekk igjennom notat frå barnehagesjefen om kva som har skjedd sidan 1998 om mellombels løysingar og om framlegg om ny barnehage frå 2008, og kor saka står i dag, etter at kommunestyret utsette saka i hausten 2011. Nye forhandlingar og ny innstilling vil komme til hausten. Møteleiar takka for ryddig gjennomgang.

Utvalet ønska å få tilsendt sakspapira til Haugaland Kraft, men meinte det ikkje var naudsynt å sende observatør.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.13:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 6 -16 til orientering med følgjande kommentarar til punkta 6, 7 og 8:*

*Kontrollutvalet har høyrte på personalsjefen om arbeidet med å få ned sjukefråværet og rådmannen om barnehageutbygging i Skjoldastraumen og registrer /ber kommunen har fokus på at:*

- *møter med legene er positivt for å få ned sjukefråværet,*
- *viktig å fokusere på etikk for lærlingane,*

- *byråkratiet kan vere krevjande å jobbe med og viktig å få endra til å bli meir brukarvennleg,*
- *ikkje noko gale har skjedd når det gjeld barnehageutbygging i Skjoldastraumen, reint formelt og sakshandsamingsmessig, men*
- *av respekt for innbyggerane må administrasjonen og folkevalde ha ekstra fokus på å få ned sakshandsamingstida i aktuelle prosjekt som har store konsekvensar for innbyggeranes daglege liv.*

## **SAK 9/13    UTTALE TIL TYSVÆR KOMMUNE SITT ÅRSREKNESKAP 2012**

### ***Sekretariatet si innstilling:***

Tysvær kontrollutval har fylgjande/ingen kommentarar til årsrekneskapen 2012 og vedtek uttale slik den ligg føre / med desse endringane/tillegga.

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis eventuelle merknader i årsoppgjersbrev er følgd opp.

### **Handsaming i kontrollutvalet 28.05.13:**

Signert revisormelding og årsoppgjersbrevet blei delt ut. Økonomisjefen orienterte om årsresultat og orsaka. Tross store utfordringar innan omsorg med tunge brukarar, store utgifter innan barnevern og sprekk for Samhandlingsreforma, blei skatteinntektene betre enn venta. Årsmeldinga var i år forsinka, men han meinte økonomisk oversyn oppfylte i stor grad lovkravet til «årsberetning». Rettedal etterlyste meir detaljert talmateriale. Det blei vist til at kommunestyret vedtek budsjettet på overordna nivå og rekneskapen er sett opp på same vis.

Revisor hadde gjeve rein melding. Revisor gjekk igjennom merknadene i brevet knytte til rutinar og manglande dokumentasjon. Ny revisjon i år og dermed grundig gjennomgang. Økonomisjef meinte merknadene var relevante, men ikkje lett å få ordna alt innan fristen.

Utvalet var nøgd med gjennomgangen og meinte det var bra å få på plass nye rutinar. Utvalet støtta framlegg til uttale og frist for tilbakemelding.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 28.05.13 og innstilling til kommunestyret:**

*Tysvær kontrollutval har ingen kommentarar til årsrekneskapen 2012 og vedtek uttale slik den ligg føre:*

*Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 11,8 mill. kr.*

*Kontrollutvalet har merka seg at årsrekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 26 mill. kr, som er 3 % av driftsinntektene.*

*Kontrollutvalet registrerer at kommunen si lånegjeld er høgare enn det som er det tilrådde. Kontrollutvalet ber kommunestyret fortsatt ha fokus på kommunen si låneutvikling, sjølv om reell lånegjeld i % gjekk ned frå året før.*

*Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga for 2012, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen for 2012 totalt sett gjer eit*

*forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.*

*Ut over ovannemnde har ikkje kontrollutvalet merknader til Tysvær kommune sitt årsrekneskap for 2012.*

*Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet innan 1. september på korleis merknadene i årsoppgjersbrevet er følgd opp.*

## **SAK 10/13 UTKAST TIL PROSJEKTPLAN – FORVALTNINGS-REVISJON - VEDLIKEHALD AV KOMMUNALE BYGG OG ANLEGG**

### ***Sekretariatet si innstilling:***

Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Tysvær kommune” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

### **Handsaming i kontrollutvalet 28.05.13:**

Sekretær orienterte om bakgrunn for skifte av prosjekt. Revisor orienterte om prosjektet: føremål, aktuelle problemstillingar, bruk av metodeval og tidbruk. Utvalet hadde ingen merknader til utkast til plan og slutta seg til innstillinga.

### **Vedtak i kontrollutvalet 28.05.13:**

*Tysvær kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet ”Vedlikehald av kommunale bygg og anlegg i Tysvær kommune” i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre.*

*Ramma vert sett til 200 timar.*

## **EVENTUELT**

### **Kommunale avgifter**

Tormod Førland viste til teknisk sjef si orientering i møte 20.11.12. Han etterlyste ei statusoppdatering om prosjektgruppa sitt arbeid. Utvalet støtta dette og bad sekretær bringe vidare ønske om ei oppdatering i neste møte.

Neste møte: tysdag 24. september, kl. 18.00

Aksdal, 28. mai 2013

Randi I. Rettedal (sign.)  
Møteleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Utvalssekretær